
Fra: Laila Bjørge
Sendt: 12. april 2019 15:17
Til: 'daniel@automatgear.no'
Gjeldt førespurnad på Fosse

Hei

Har fått henvendelsen din og me kan gjerne ta eit møte. Som du sikkert kjenner til har landbruket litt eigne reglar i høve til plan-og bygningsloven. Ein del av dette er skjønnsmessig og det gjer det vanskeleg å svara generelt på spørsmålet ditt. Kan du konkretisera litt meir kva du ynskjer før eit eventuelt møte. Min jobb er å bistå byggesak i kva tiltak som er innanfor landbruksbegrepet og kva tiltak som er utanfor og difor krev bruksendring/dispensasjon.

T.d driftsbygningen er ein bygning for landbruksdrifta og kan husa dyr, maskiner eller reiskap. Anna bruk delar av året eller på mindre areal er lov utan søknad. Vert bygningen tatt i bruk til ei heilt anna verksemd vil det normalt vera søknadspliktig.

Når det gjeldt parkeringsplass er det fint om du kan laga ei kartskisse som viser kva du tenkjer.

No er det påskeferie, men ta gjerne kontakt etter påske så finn me eit tidspunkt

Venleg helsing

Laila Bjørge

Landbrukssjef i Meland og Modalen



Meland kommune
Tenesteområde Plan, Utbygging
og Kommunalteknikk
Postboks 79
5906 Frekhaug

www.meland.kommune.no

postmottak@meland.kommune.no

laila.bjorge@meland.kommune.no

Sentralbord 56 17 10 00 direkte
56171185, mob 957 35405